

Lindås kommune v/byggesaksavdelinga

## Søknad om dispensasjon frå plankrav vedrørende søknad om frådelling av areal til bustadføre mål – gbnr 137/23 Alver

Viser til sak 19/9.

Ved søknad om tiltak, samt deling, er det innanfor område B2 krav om detaljregulering, ref. føresegn 2.1.1. Arealet som er søkt frådelt ligg innanfor B2 samt ein mindre del som ligg i LNF- område.

Området avsett til LNF er ca. 1,3 dekar av totalt 10,6 dekar. Sjå kartutsnitt som viser LNF- området med svart skravur.



For ikkje å sitje att med eit uhensiktsmessig restareal på bruk 23, er det ønskeleg å dele frå heile arealet, inkludert LNF. Frådellinga det er søkt om følgjer tomtegrensene.

Frådellinga vil ikkje setje omsynet til reguleringsplanen til side, frådelt areal får berre ny eigar. Det vil seie at føremålet med føresegn 2.1.1 ikkje vert tilsidesett.

Ein dispensasjon vil ikkje gje ulemper verken for privatpersonar/naboar eller ålmenta.

Føremålet med frådellinga er at Lindås kommune v/eigedom skal byggje ny Alversund skule og difor skal ta hand om nytt areal. Frådellinga er eit ledd i å sikre gjennomføring av tiltaket.

Slik vi ser det, vil ei innvilging av dispensasjon bidra til å realisere bygging av ny Alversund skule. Føremålet med plankravet vert ikkje tilsidesett, og vi ser ingen ulemper knytt til denne dispensasjonen. Reguleringsplanen vert fulgt.

Med vennleg helsing

Håkon Nesheim

Magne Fosse

Ole Westervik Vetåas